

St.prp. nr. 21

(2007–2008)

Om endringar i statsbudsjettet for 2007 m.m. under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 16. november 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2007 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 ber departementet om samtykkje til at OED kan godkjenne og gjennomføre naudsynte transaksjonar for å innlemme Tampen Link i Gassled. Departementet gjer vidare greie for bruk av fullmakt under Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) i kapittel 4.

Utgifter i samband med samanslåinga av Statoil ASA og Hydro si petroleumsverksemd

I samband med samanslåinga av Statoil og Hydro si petroleumsverksemd engasjerte Olje- og energidepartementet og Nærings- og handelsdepartementet eigne rådgjevarar for å sikre at staten sine interesser vart handsama på ein best mogleg måte i arbeidet med samanslåinga.

OED sin del av utgiftene omfattar finansielle og juridiske tenester til økonomisk analyse og vurderingar i arbeidet med samanslåinga. Desse utgiftene vart på 8,9 mill. kroner. Det vart gitt samtykke til overskridning ved kongeleg resolusjon av 14. februar 2007 til dekning av fagleg bistand.

2 Endringar i statsbudsjettet for 2007

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast
Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

Olje- og energidepartementet har inngått ein samarbeidsavtale med NORAD om bruk av faglege ressursar innan petroleumsrelatert utviklingssam arbeid. Samarbeidsverksemda budsjetterast til 0,5 mill. kroner i 2007, jf. kap. 4800, post 03. I tilknyting til oppdrags- og samarbeidsverksemda blir det foreslått at løyvinga for 2007 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4800, post 03 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, jf. Forslag til vedtak II.

Samandrag

Samla blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter med 9,4 mill. kroner, frå 37,1 til 46,5 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner knytt til handsaming og oppfølgjinga av søknader om utvinningsløyver. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter. Endringa har samanheng med eit stort tal søknader knytt til TFO 2007 (Tildeling i førehandsdefinerte områder). Den aukande mengda søknader fører til at

Oljedirektoratet må avsette meir personell til søknadshandsaming og til vedlikehald av databasar, samt til analyse og rapportering av data og informasjon

Nytt forslag til løyving blir etter dette 174,65 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til Oljedirektoratet sin oppdrags- og samarbeidsverksem med 28,6 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2007. Endringa har samanheng med høgare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettet og nye samarbeidsprosjekt. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksem. Det er uvisse knytt til budsjetteringa av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 157,3 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga knytt til NVE sin oppdrags- og samarbeidsverksem blir foreslått redusert med 5 mill. kroner. Utgiftsreduksjonen blir motsvara av ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksem. Endringa har samanheng med at nokre av NVE sine internasjonale prosjekt i Aust-Timor, Filippinane og Etiopia er forsinka eller utsett. Det er uvisse knytt til budsjetteringa av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 50,6 mill. kroner.

Post 22 Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, kan overførast

Løyvinga knytt til sikringstiltak i vassdrag blir foreslått auka med 15 mill. kroner. Dette har samanheng med strakstiltak i kvikkleiresonar langs Lierelva i Lier kommune etter flaumen i juli

Tabell 2.1 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490 24.1	Driftsinntekter.....	-54 000	-55 500	-1 500
24.2	Driftsutgifter.....	47 800	49 300	1 500
24.3	Avskrivningar	5 200	5 200	
24.4	Renter av staten sin kapital.....	1 000	1 000	
24.5	Reguleringsfond.....			
24	Driftsresultat	0	0	0

2007. Det vart gitt overskridningssamtykke ved kongeleg resolusjon av 24. august 2007 for å gjere det mogeleg å starte arbeidet utan tap av tid. Auken i løyvinga vil medføre auka distriktsbidrag under kap. 4820, post 40, men denne inntektsauken på 3 mill. kroner vil først kome når tiltaka er fullførd i 2008. Det er tatt omsyn til aukinga i budsjettforslaget for 2008.

Post 25 Tilbakebetaling av konsesjonsavgifter

Det blir foreslått ei løyving på 2,9 mill. kroner til tilbakebetaling av for mykje innbetalte konsesjonsavgifter knytt til reguleringa av Aursunden.

NVE mottok betalingskrav frå Eidsiva Vannkraft AS ved brev av 28. juni 2007 og Glomma Kraftproduksjon AS ved brev av 3. juli 2007. Samla er dei framsette betalingskrava på kr 5 283 697, der hovudstolen utgjer kr 2 850 283 og utrekna rente kr 2 433 414.

Staten ved Konsesjonsavgiftsfondet erkjente i brev av 20. august 2007 til Eidsiva Vannkraft AS og Glomma Kraftproduksjon AS at selskapa har eit rettkomen krav på staten ved Konsesjonsavgiftsfondet på hovudstolen.

Samtykkje til utgiftsføring utan løyving vart gitt ved kongeleg resolusjon av 14. september 2007 for å kome betalingskrava i møte.

NVE har motteke nye krav kor det kan vere aktuelt å tilbakebetale for mykje innbetalte konsesjonsavgift knytt til at kraftgrunnlaget har vore sett for høgt. Det blir eventuelt lagt opp til å avkorte innbetalninga av årets konsesjonsavgift med for mykje innbetalte konsesjonsavgift frå tidlegare år for dei aktuelle selskapa. Avkorting vil vere mogeleg dersom årets konsesjonsavgift er større enn tilbakebetalingskravet og kor dette blir akseptert av det aktuelle selskapet.

Kap. 2490 NVE Anlegg

Post 24 Driftsresultat

NVE Anlegg har i 2007 hatt eit høgare aktivitetsnivå enn venta grunna ekstraordinære tiltak i samanheng med flaumskadar på Austlandet som-

maren 2007, samt auka omsetning i samband med eksterne prosjekt. På den bakgrunnen blir overslaget for kap. 2490, post 24.1 Driftsinntekter auka med 1,5 mill. kroner, frå 54 til 55,5 mill. kroner. Vidare blir overslaget for kap. 2490, post 24.2 Driftsutgifter auka med 1,5 mill. kroner, frå 47,8 til 49,3 mill. kroner.

Ovannemnde endringar i underpostar inneber inga endring i det stipulerte driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løyving for 2007.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Forslag til nye løyvingar er basert på ein oppdatert prognose for 2007 frå Petoro AS. Prognosene frå Petoro er basert på rekneskapsføring per 31. august 2007 og overslag for resten av året. Det er mellom anna stor uvisse knytt til utviklinga i oljeprisen.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er uendra i høve til gjeldande løyving. Det blir

venta auka investeringskostnadar på Ormen Lange, men desse blir motverka av lågare investeringar på blant anna Gassled og Draugen Redevelopment prosjekt. Det er også inkludert føresetnad om PUD godkjenning for Yttergryta i fjerde kvartal 2007. Yttergryta er eit nytt felt i Norskehavet i nærleiken av Åsgard. Det er venta investeringar på Yttergryta for SDØE på 60 mill. kroner i 2007.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 4 200 mill. kroner, frå 158 600 til 162 800 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at forventa oljepris for 2007 er høgare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett 2007.

Det er no lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 402 per fat for 2007. I revidert budsjett 2007 vart det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 370 per fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 300 mill. kroner, frå 31 200 til 30 900 mill. kroner. Endringa skuldast reduserte kostnadar ved kjøp av gass for vidaresal.

Tabell 2.2 Endringar på statsbudsjettet 2007 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post Underpost	Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
2440 30	Investeringar.....	20 200	20 200	0
50	Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond	1 101	1 101	0
Sum kap. 2440		21 301	21 301	0
5440 24.1	Driftsinntekter	158 600	162 800	4 200
24.2	Driftsutgifter	-31 200	-30 900	300
24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 600	-1 900	700
24.4	Avskrivingar	-15 100	-15 600	-500
24.5	Renter av statens kapital.....	-6 900	-6 900	0
24	Driftsresultat.....	102 800	107 500	4 700
30	Avskrivingar	15 100	15 600	500
50 (ny)	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond		1 700	1 700
80	Renter av statens kapital.....	6 900	6 900	0
Sum kap. 5440		124 800	131 700	6 900

Kontantstraum frå SDØE:

Innbetalinger ²	158 600	164 500	5 900
Utbetalinger ³	55 101	54 101	-1 000

Nettokontantstraum frå SDØE	103 499	110 399	6 900
------------------------------------	----------------	----------------	--------------

¹ Gjeldande løyving for 2007 er basert på Stortinget sitt løyvingsvedtak av 7. desember 2006 og seinare endringar i 2007 (revidert budsjett), jf. St.prp. nr. 69 og Innst. S. nr. 230 (2006-2007).

² Innbetalingar = driftsinntekter + overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond.

³ Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar + overføring til Statens petroleumsforsikringsfond.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 700 mill. kroner, frå 2 600 til 1 900 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak redusert aktivitet som følgje av mangel på tilgjengelege riggar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivingar er auka med 500 mill. kroner, frå 15 100 til 15 600 mill. kroner. Dette skuldast oppdattet berekningsgrunnlag for reservar på Troll.

Endringane nemnd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar netto med 4 700 mill. kroner, frå 102 800 til 107 500 mill. kroner.

Kap. 5440, post 50 Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond er budsjettet til 1 700 mill. kroner. Dette er faktiske utbetalingar i 2007 knytt til skader og inntektsbortfall på grunn av driftsstans.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE blir auka med 6 900 mill. kroner i høve til revidert budsjett, frå 103 499 til 110 399 mill. kroner.

Kap. 2442 Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen

Post 70 Tilskot (ny), overslagsløyving

Olje- og energidepartementet har fullmakt til å utbetale fjerningstilskot utan løyving, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2006-2007). Tilskot etter fjerningstilskotlova dekkjer staten sin del av utgifter knytt til fjerning. Fjerningstilskotet blir utbetalt av OED etter krav frå selskapa. Det gjenstår framleis fjerningstilskotssaker frå tida før fjerningstilskotlova vart heva. OED har utbetalt om lag 4,6 mill. kroner i 2007 knytt til fjerning av Statpipe 2/4S. På denne bakgrunn blir det foreslått ei løyving på 4,6 mill. kroner for 2007.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet

Post 02 Ymse inntekter

Det blir vist til St.prp. nr. 69 (2007-2008) Tilleggs-løyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2007, kor det vart budsjettet med 1 050 mill. kroner i inntekter frå salet av beredskapsbehaldin-gane av petroleumsprodukter i 2007. Som følgje av at salet nå er gjennomført blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2007. Ny løyving blir etter dette på 1 052 mill. kroner.

Post 03 (ny) Oppdrags- og samarbeidsverksem

Det budsjetterast med 0,5 mill. kroner i inntekter knytt til OED sin samarbeidsavtale med NORAD om rådgiving innan petroleumsrelatert utviklings-

samarbeid, jf. omtale og tilsvarende auke under kap. 1800, post 21.

Post 70 Garantiprovisjon, Gassco

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,13 mill. kroner, frå 0,91 til 0,78 mill. kroner. Endringa har samanheng med at forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring for 2007 vart lågare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett 2007.

Kap. 4810 Oljedirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2007, jf. omtale og tilsvarende auke under kap. 1810, post 01.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 14,7 mil. kroner.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksem

Det blir foreslått å auke løyvinga med 28,6 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2007, jf. omtale og tilsvarende auke under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 63,6 mill. kroner.

Kap. 4811 Statoil ASA

Post 96 Sal av aksjar

I St.prp. nr. 69 (2006-2007) vart det informert om Statoils program for tilbakekjøp av aksjar. Generalforsamlinga i Statoil ga den 10. mai 2006 fullmakt til kjøp av eigne aksjar for sletting. Dette var ein del av ein endra utbyttepolitikk for selskapet som vektlegg at kapital kan distribuerast til selskapet sine eigarar både ved kontantutbytte og ved kapitalned-setting gjennom tilbakekjøp av eigne aksjar.

Staten ved Olje- og energidepartementet og Statoil inngjekk 24. mars 2006 ei avtale som regulerer forholdet rundt innløsing av staten sine aksjar dersom Statoil kjøpte tilbake eigne aksjar for sletting. I samsvar med avtalen skulle staten løse inn aksjar i eit tal proporsjonalt til det Statoil sletta slik at staten sin prosentvise eigardel på 70,9 pst. ikkje skulle endrast.

Statoil gjennomførde ei rekke tilbakekjøp av eigne aksjar hausten 2006. Den ekstraordinære generalforsamlinga i Statoil godkjente kapitalned-settinga 5. juli 2007, og sjølv slettinga av selskapet sine aksjar fann stad 13. september 2007. Staten gjennomførde ei innløsing av 14 291 848 eigne aksjar same dag, og fekk for dette ei utbetaling som inkluderte ein volumvegd gjennomsnittspris

for aksjane, ein rentekompensasjon og ei korrigering for utbytte for 2006.

Dei totale inntektene frå aksjesalet vart på 2 441,9 mill. kroner. I St.prp. nr. 69 (2006-2007) er inntektene frå salet estimert til 2 434 mill. kroner. Differansen mellom dette overslaget og faktiske inntekter skuldast endring i renta. Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,9 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2007.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2007, jf. omtale og tilsvarende reduksjon under kap. 1820, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 38,6 mill. kroner.

Kap. 4829 Konsesjonsavgiftsfondet

Post 50 Overføring frå fondet

Det blir foreslått eit uttak på 157,4 mill. kroner frå Konsesjonsavgiftsfondet i 2007, ei auke på 2,9 mill. kroner i høve til gjeldande løyving, jf. omtale og auke under kap. 1820, ny post 25.

Kap. 5680 Innskotskapital i Statnett SF

Post 85 Utbytte

Løyvinga blir foreslått auka med 0,5 mill kroner, frå 151,5 til 152 mill kroner. Endringa har samanheng med at utbetalt utbytte frå Statnett vart høgare enn berekna i revidert budsjett.

3 Innlemming av Tampen Link i Gassled

Størstedelen av transportsystemet for norsk gass er eigd gjennom interessentselskapet Gassled. Det er lagt opp til at nye røyrleidningar og transportrelaterte anlegg med tredjepart bruk skal innlemmas i Gassled. Sams eigarskap for transportsystemet sikrar at gassen blir frakta mest mogleg effektivt og dermed gir størst mogleg verdiskaping.

I St.prp. nr. 53 (2004-2005) *Endra plan for utbygging og drift av Statfjordfeltet og plan for anlegg og drift av Tampen Link*, vart det stilt som vilkår at Tampen Link-fasilitetane skal innlemmas i Gassled, og at dette seinast skal skje når drifta av Tampen Link startar opp. Stortinget slutta seg 1. juni 2005 til at Olje- og energidepartementet kunne godkjenne endra plan for utbygging og drift av

Statfjordfeltet og gi løyve til plan for anlegg og drift av Tampen Link, jf. Innst. S. nr. 222 (2004-2005).

Deltakarane i Tampen Link og eigarane i Gassled har på bakgrunn av dette vore involvert i forhandlingar for å gjennomføre denne innlemminga. SDØE har ein initial del i Tampen Link på 7 pst. og ein noverande del i Gassled på 37,892 pst. Innlemminga av Tampen Link inneber ei overdraging av SDØE-delane til eigarane av Gassled. Staten sin del i Gassled vil justerast for å reflektere innlemminga av Tampen Link.

Innlemminga av Tampen Link i Gassled vil være ei vidareutvikling av det heilskaplege eigar-skapet i tråd med formålet bak etableringa av Gassled, jf. St.prp. nr. 21 og Innst. S. nr. 89 (2002-2003). Petoro AS ivaretar interessene til SDØE i forhandlingane og underteiknar aktuelle avtalar i eigen-skap av rettshavar. Det bes om at OED får fullmakt til å godkjenne og gjennomføre naudsynte transaksjonar for å innlemme Tampen Link i Gassled, jf. Forslag til vedtak III.

4 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda og SDØE

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gjev Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2006-2007).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av desse fullmaktene i 2007.

4.1 Fullmakt IX – Utbyggingsprosjekter på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt for forenkla handsaming frå styresmakten si side har blitt nytta ved fire høve i 2007:

Volund

Departementet fekk 19. september 2006 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Volund. Volund er planlagt som ei undervass-utbygging kopla opp mot produksjonsskipet på Alvheimfeltet. Produksjonen er planlagt å ta til i 2007. Rettshavarane i Volund er Marathon Petroleum Norge AS (operatør) og Lundin Norway AS. SDØE har ikkje eigardelar i Volund.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,8 mrd. 2006-kroner.

Plan for utbygging og drift for Volund vart vedteken ved kongeleg resolusjon 18. januar 2007.

Alve

Departementet fekk 16. januar 2007 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Alve. Alve er planlagt som ei undervassutbygging kopla opp mot produksjonsskipet på Nornefeltet. Produksjonen er planlagt å ta til i 2008. Rettshavarane i Alve er Statoil ASA (operatør), Norsk Hydro produksjon AS og Dong E&P Norge AS. SDØE har ikkje eigardelar i Alve.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,4 mrd. 2007-kroner.

Plan for utbygging og drift for Alve vart vedteken ved kongeleg resolusjon 16. mars 2007.

Yme

Departementet fekk 8. januar 2007 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Yme. Yme er planlagt utbygt med ei oppjekkbar produksjonseining som skal setjast på ein lagertank på havbotnen. Rettshavarane i Yme er Talisman Norge AS (operatør), Revus Energy ASA og Pertra ASA. SDØE har ikkje eigardelar i Yme.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4,4 mrd. 2006-kroner. Produksjonen frå Yme er planlagt starta i 2009. Levetida til prosjektet vil vera drygt ti år frå produksjonsstart.

Plan for utbygging og drift for Yme vart lagt fram ved kongeleg resolusjon 2. mai 2007.

Rev

Departementet fekk 30. juni 2006 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Rev. Rev er planlagt som ei undervassutbygging kopla opp mot Armadaplattforma på britisk sokkel. Produksjonen er planlagt å ta til i juli 2008. Rettshavarane i Rev er Talisman Energy Norge AS (operatør) og Petoro AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til SDØE er 30 pst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,7 mrd. 2007-kroner.

Plan for utbygging og drift for Rev vart vedteken ved kongeleg resolusjon 15. juni 2007.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2007 m.m. under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 m.m. under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2007 m.m. under
Olje- og energidepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 37 100 000 til kr 46 500 000	9 400 000
1810		Oljedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 168 950 000 til kr 174 650 000	5 700 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 128 700 000 til kr 157 300 000	28 600 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 55 600 000 til kr 50 600 000	5 000 000
	22	Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 93 500 000 til kr 108 500 000	15 000 000
	25 (ny)	Tilbakebetaling av konsesjonsavgifter, blir løyvd med	2 900 000
2442		Disponering av innretningar på kontinentsokkelen	
	70 (ny)	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir løyvd med	4 600 000
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	-55 500 000
		Driftsutgifter	49 300 000
		Avskrivningar.....	5 200 000
		Renter av statens kapital.....	1 000 000
			0

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800	Olje- og energidepartementet		
02	Ymse inntekter, blir auka med frå kr 1 050 000 000 til kr 1 052 000 000		2 000 000
03 (ny)	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir løyvd med		500 000
70	Garantiprovisjon, Gassco, blir redusert med frå kr 910 000 til kr 780 000		130 000
4810	Oljedirektoratet		
01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 9 000 000 til kr 14 700 000		5 700 000
02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med frå kr 35 000 000 til kr 63 600 000		28 600 000
4811	Statoil ASA		
96	Sal av aksjar, blir auka med frå kr 2 434 000 000 til kr 2 441 900 000		7 900 000
4820	Noregs vassdrags- og energidirektorat		
02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir redusert med frå kr 43 600 000 til kr 38 600 000		5 000 000
4829	Konsesjonsavgiftsfondet		
50	Overføring frå fondet, blir auka med frå kr 154 500 000 til kr 157 400 000		2 900 000
5440	Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda		
24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 102 800 000 000 til kr 107 500 000 000		4 700 000 000
	Spesifikasjon:		
	Driftsinntekter	162 800 000 000	
	Driftsutgifter.....	-30 900 000 000	
	Leite- og feltutviklingsutgifter	-1 900 000 000	
	Avskrivningar	-15 600 000 000	
	Renter av statens kapital	-6 900 000 000	
		<u>107 500 000 000</u>	
30	Avskrivningar, blir auka med frå kr 15 100 000 000 til kr 15 600 000 000		500 000 000
50 (ny)	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond, blir løyvd med		1 700 000 000
5680	Innskuddskapital i Statnett SF		
85	Utbytte, blir auka med frå kr 151 500 000 til kr 152 000 000		500 000

II

Meirinntektsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at løyvinga under kap. 1800 Olje- og energidepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 4800 Olje- og energidepartementet, post 03 Oppdrags- og samarbeidsverksemnd.

III

Fullmakt til innlemming av Tampen Link i Gassled

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne og gjennomføre naudsynte transaksjonar ved overdraging av SDØE-delar for å innlemme rørleidningar og transportrelaterte anlegg i Tampen Link i Gassled.

